Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2 Transportarbeid     Fylke: Møre

Tilleggsspørsmålnr.     Herad: Dalsfjord og Volda

Emne:     Bygdelag: Ulvestad

Oppskr. av: Ragnhild Ulvestad     Gard: Ulvestad

(adresse):     G.nr. 160     Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

På mindre gårdar var det brukt å bere inn høyet i byrer, medan det på store gårdar vart bruka øyken, med høyvogn til å køyre frå hesjane eller vollen. I mi fyrste tid høyrde eg ofte at dei snakka um at den eller den hadde vore fram i skredene eller uppi tinden og slege gras, det kunne vere både frå store og små gårdar. No til den siste tid vert det ofte slik, at dei som har mindre får slå ein utmarksteig av grannen sin. Det kan vere lån for arbeid han har gjort, eller han betalar. Er det lang veg må slike låne øyk til å køyre heim graset.

2) Me hadde utløde, der var både både våt og turt terreng. Me køyrde til turkeplassen so nær løda som mulig, då var det fint og berre føre med riva og bere inn.

Dei som slo i skredene måtte altid bruke meis til å meise det ned med og sidan køyre det heim for der

var ikkje i lóde. Frå bure it vart alltid brûkt sloge. Det var två årelse med lauv som låg på sidene yver einanen 2½ m. lang. Det vart lagt i kjimbe bakfrå ein tekk på som eit godt lass, men det måtte vere lettast å lyfte uppe foran når ein skulde drage med hand til ein kom til lessinga Der stod óg ken med vedaslede som eller vage, som slogen vart dregen på og vidare til turkar-lassen der ein kunne brûke høyvogn å køyre det heim i lóda.

I kvislar og i gil og vite, der måtte ein bere graset til turkar-plass, der stod alltid små unge tred som vart skjert til band å bere graset i. Det kunne vere 1½ m lange med lauv på. Graset vart lagt i kjimbe på langs etter bandet Då tok ein både i toppen og stamma av tredet og nokon måtte stå bak å lette uppi. Til turrhøyet vart brûka byrataug. Det kunne brûkast ei havd av eine eller bjørk. Til havda var fest eit taug på båe sider 2½ m.l. Båe endane vart tredd i gjenom havda og det vart dratt i hop tvers yver kjimbene som låg langs etter tauget. I ~~kjimba~~ byra kunne bere 5-6 stykke kjimbe. Det kunne ogso vere ei lykkje av eine eller bjørk som vart brûka til det same. Var det lang veg vart det laga hengsle ved venstre skulder,



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og helde fast med högre hand, var det kortare veg, låg bogge endar yver venstre skulder og heldt med högre og venstre hand og alltid må nokon stå bak å lyfte upp byra for beraren.

Borna var med yber alt. I slåtten måtte altid tvo og tvo mjökke og ligge på satra vasske upp koppar og kar og ordne huset heime. Vere med å vende höyet, sette i såte. Då kunne og alle barn på gardane vere med og det var stor moro. Var det varmt bada me i elva kvar dag i kviletida.

Ei meis vart laga av ham, vegarn 10cm m. rund 2m. i tvermål, sydd saman 2/3 fylte med gras, tredd att og rulla det nedyver.

Det vart og brüka låvrestung, då vart og graset lagt i byra tog og hesta krokar av tre eller jarn og det gjekk like til turkarplassen.

Dette var frå 1910 nokre år til der vart planta skog. Det var og sume som brüka trille til fragte narmare hesjane med, då helst dei som ikkje hadde öyk. Det var berre ei slags trille. Den hev alltid trebrett og tvo stenger og et hjul foran og vert brüka av barn og vaksne. Det siste reidskapet höyfang veit eg ikkje um.

3) Der det var utlóde vart alltid höyet ~~köyt~~ köyrt på vinterföre.

4) Me brūka alltid háyvogn å
køyre inn turrháyet med, var det
ulendt å hampelegt terreng, måtte
me brūke dragslede. Føre sa dei
kanskje slede um háyvogna og,
men no aldrig. Sidan dei laga karm
på. Vogna hadde tvo hjūl og på
lag 2,25 lang og 1,25 b. Karmen
kūnne vere 1,5 hóg. Tu ni jyra dei
alltid med stang og stangsimen.
Med karmen vart det lettare for
då kunne ein betre kasste háyet
på med gaffelen. Ein hjulslede hadde
tvo hjūl og ein karm av bord
på lag 30 cm hóg. Bak lyfte ein
av gavlen og tok ut sjølka fram-
me når ein skulde lesse av poteter
eller gjøssel, for då gjekk det av seg
sjølv. Det vart ikkje brūka kroklar
til háy; men til vedahogst var det
brūkd huska og det vart snakka
um. Til eit lass vart det alltid
buij a hoog ja kjembene farpå
fyrst ei på den eine sida, den låg
med lenga etter sleden, so ein andre
på andre sida, og bak etter til det
var fullt. Tarfra ig ein med ei på
midten 2 på sidene og bak etter. Det
var stykke meir framme av og til.
Var det store lass kūnne det kanskje
vere 70 kjimbel. Det var ingen regel
for fyrste eller siste lasset. Det var
alltid um å gjere å få med so mykje
sam mūlig; men skragje lasset vart

746

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2
HBR



alltid størst, var det noke att tok me det i forkladet vårt og bar det inn.
På lassi var alltid festa med i tang og bunde eller ogra med tangjime.
Bepatog er det ein ber på ve og in til bygdei. Fepatog er det ein bind saman tanga til sleden eller vogna.
Tanga er festa til sleden foran med tog 1 m. l. i kvar side og tanga vert lagd på lasset som vert ogra bak fast i sleden som er og i patoget sett fast i, det kan vere 3 m. l. i kvar side. Det var ingen forskjel på vinterlass eller summarlass. Det vart brūka berre ein hest.

5) Det var akkurat som andre tider. Høyet vart raka i mūer som skūlde vere like store, og so hadde dei ein mann til å binde det. Vi hadde ikkje stølslåtter. Men likevel måtte ein køyre um vinteren frå utløer og det var oftest alle køyrde på same tid. Det vart oftest slik at den eine såg det av den andre, noken viss veg var det ikkje snakka um. Var det mykje snøv gjekk alle mannfolk med øykse og slede og brøytte vegen.

6) Når det plyska i novene av frost og kyld og småhøyet minka i løda då var det tid å dytte i hola eller romet med nytt høy. Kvinnfolka masa og karane lagde seg til å køyre heim høyet.

Då måtte snøsokkane vere istand og gode vottar og klær. Dei sela øyken tim morgonen og drog i veg. Det måtte vere minst tvo frå kvar gard og lang veg var det, so det vart ikkje mange lass for dagen. Men dei kunne klare det på 4-5 dage. Mannfolka likte seg godt når det stod på, og kvinnfolka var glade at høybutane vart fylt og krøtera fekk det godt og varmt og høy til å ete av. Dei heldt middag heime og slutta kl. 5 og då var det herleg å få bytta på seg anna tøy, og få kvile til næste dag, då dei skulde køyre fram i kulden og kaven. Det vart bruka dragslede med meidar utan skoning, for det gjekk godt i snøven



Dragslede 1910. Erik og Kari Ulvestad. Balona vår.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

+

Ei rive



1,25 m l.

Ein høygaffel.



1,5 m lang

1,25 l m.



Eit langorv

80 cm l.



Eit stuttorv.

746

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING




Ein (Hjulslede)
Hjulskiste

1




Ei Høyvogn

2




Ein Dragslede




Ei Tang

3

Eit byratog




4



5




6




7

Ei meis




8




Ein Sloge

9



Eit Slogelass

10.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

746